

Referat frå møte i kunstkomiteen for (nye) Voss gymnas

9. februar kl.09.30 – 14.00

Stad: Fylkeshuset

Til stades: *Petra Rahm (kunstfagleg prosjektleiar), Rakel Marøy (Voss husflidsskule), Per Højgaard Nielsen (arkitekt), Tone Stedal Haugland (HFK Kultur- og idrettsavd, og referent) og Gunnar Hemre Ringheim (HFK Eigedomsseksjonen). Merete Hauge (HFK Eigedomsseksjonen) deltok på første del av møtet og Sara Rykke Mandelid (eleverrepr.) meldte forfall.*

1. Godkjenning av innkalling og referat - ingen merknader

2. Oppdatering Britt Smelvær.

Vi har sagt at Smelvær kan montere i februar/mars. Det er best å vente til etter 1.mars. Petra holder kontakt med Britt – og Gunnar – om dette.

3. Samlinga

Rakel og Petra har vore rundt på skulane(alle unnateke gymnaset) for å sjå på kunsten som er der frå tidlegare. Det trengst ein del ny innramming. Dei fann då også ein del uregistrert kunst. Dette tek Petra og Tone vidare - samarbeid med Lyder på Eigedomsavd.

Det er ein del kunst som tilhører Voss kunstlag på skulane. Kan hende ein bør ha ein dialog med dette laget.

4. Juryering av konkurranse «Gladiatorgangen»

Begge inviterte kunstnarar (Marius Martinussen og Kioshi Yamamoto) løyste oppgåva og leverte tilfredstillande material innan fristen. Kunstfagleg prosjektleiar gjorde merksam på at det har vore ein del vanskar med levering av akustikkplatene til kunstnarane, og at Marius Martinussen har hatt svært kort tid til å arbeide etter at han fekk platene.

Kunstkomiteen valde einstemmig Martinussen sitt utkast. Juryen sin uttale er lagt ved dette referatet. Kunstnarar var informert via telefon/e-post dagen etter vedtaket og formelt brev er sendt i mars.

Komiteen godkjenner skriftleg uttale på e-post.

5. Kunstprosjekt Gymsalveggen.

For å gå vidare med dette prosjektet må det avklårast om det må henge skilt på denne veggen, eller om ein kan få godkjenning/avklåring på at det kan festast på anna vegg, t.d. på det nye bygget. Per lager utkast til dette og tek det vidare.

Komiteen jobba vidare med potensielle kunstnarar for denne veggen, men ein avventer å ta kontakt med kunstnarar før det er kome sikker avklåring på skilt. Komiteen har tidlegare bestemt at det skal gis tilbod om direkteoppdrag til ein kunstnar.

Denne nordveggen, med små takutslipp, er særleg utsett for ver og vind. Det bør leggast inn som ein føresetnad at kunsten skal vere lett å vedlikehald, at den må kunne takast ned enkelt ved vedlikehald.

Etter idémylding og framlegging av ein del potensielle kunstnarskap og retningar på førra møte, sendte Petra ut framlegg til ei handsfull potensielle kunstnarar til Gymsalveggen på e-post i forkant av dette møte:

Kari Hjertholm

Vanessa Van verkens

Hilde Hauan Johnsen
Silje Solvi
Outi Pieski
Åse Ljones

Komiteen ønskjer å gå vidare med ein førespurnad til (i prioritert rekkefølgje): Hilde Hauan - Åse Ljones (- Outi Pieski). Dette vert avventa til det er avklåra ang. skilt på denne veggen.

Gunnbjørg Austrheim hos Fylkeskonservatoren var innom i møtet og fekk framlagt nokon av dei prioriterte forslaga / ideane. Dei vart i utgangspunktet (iformelt) vurdert som positive. Når evt kunstnar har utarbeidd skisse sendast denne til Fylkeskonservatoren, evt om Fylkeskonservatoren / Austrheim ver med på møte. Det må også sjåast på om det må søkjast om / meldast frå om fasadeendring.

Neste møte blir når ein evt. har fått positivt svar frå kunstnar, med oppstartsmøte og synfaring.